

# Avd.297

Fagforbundet Gloppen



Nr.2 2023  
1. Årgong

## Kontaktinformasjon Fagforbundet Gloppen

Leiar og Fane2 ansvarleg/medlemsregisteret  
Anne-Grete Hoddevik  
e-post: annhodd@online.no  
mobil: 991 56 963

Nestleiar og Yrkesseksjonsleiar Helse og sosial  
Marie Evebø Sæthre  
e-post: marie.e.sathre@gmail.com  
mobil: 990 28 059

HTV for KS området og sekretær i styret  
Tone-Kristin Morken  
e-post: fagforbundet@gloppen.kommune.no  
Mobil: 979 91 046

Opplæringsansvarleg  
Kjartan Henning Verlo  
e-post: kjartan\_henning@hotmail.com  
mobil: 958 75 627

Yrkesseksjonsleiar kontor og administrasjon  
Gunnvor Sunde  
e-post: sundegunnvor@gmail.com  
mobil: 979 55 677

Yrkesseksjonsleiar Kyrkje kultur og oppvekst  
Eva Helen Solheim  
e-post: evahelensolheim@hotmail.com  
mobil: 977 82 550

Yrkesseksjonsleiar samferdsel og teknisk og kasserar  
Christa Linders  
e-post: christa.linders73@gmail.com  
mobil: 401 89 029

Ufør og pensjonisttiltalt Bjørg-Vigdis Sivertsen  
e-post: bjorg-vigdis.sivertsen@eninvest.net  
mobil: 950 79 600

Ungdomstillitsvalt Simone C. Morken  
e-post: simone.morken@gmail.com  
mobil: 471 80 519

Sølvi Austrheim  
e-post : solviaustrheim61@gmail.com  
mobil: 900 73 192

2.vara Ksenija Presern  
e-mail: ksenija.presern@gmail.com  
Mobil: 949 73 192

## Vår og sommar aktivitet



5.Juni hadde styret sin sommaravslutning. Tradisjonen tru var alle tillitsvalte inviterte til denne samlinga. Gunnvor hadde sørge for å bestille herleg mat ifrå Gloppen kommunale kjøken, denne kvelden var det Tapas som sto på menyen.



I tida 19 til 25 juli vart Fagforbundsveka markert over heile landet. Fagforbundet i Gloppen var ikkje noko unntak, fleire Arbeidsstadar i Gloppen fekk besøk denne veka, noko kontoret og bar preg av.



Kvart år vel Fagforbundet i Gloppen ut ein arbeidsstad, eller ei avdeling som får ein «draumedag», i år gjekk denne til Mona barnehage.  
21. juni vart etter tilbakemeldingane ein fin dag for små og store i Jølet.



Stall Rygg stilte opp med hest og kjerre og Gullramp gjorde ein framifrå jobb med å frakte små og store rundt om på museumsområdet.



Utan mat og drikke duger helten ikkje..

22. Juni fekk vi besøke Mona barnehage. Alle medlemmar fekk utdelt Fagforbundets fine drikkeflasker, og uorganiserte fekk «Max uflaks?» Pepsi, med innmeldingsblankett. Vi håpar sjølvst på mange nye medlemmer i Fagforbundet.



## Medlemsmøte med politisk debatt



22.Juni inviterte vi alle politiske parti i Gloppen til medlemsmøte med politisk debatt. Alle partia hadde fått tilsendt nokre aktuelle spørsmål, og det var sett av tid til spørsmål ifrå medlemmane i salen. Samandrag av møtet kan de finne lenger bak i heftet. Stor takk til politikarane som ville dele litt av si tid med oss denne kvelden.



Her var plass til fleire..



Men det var ingen ting å seie på engasjementet.



Ungdomen var og på plass..





Den 29.juni besøkte Anne-Grete Hoddevik og Marie Evebø Sætre Heimetenesta på Breim, seinare fekk vi besøk av Leiar for YSKKO Knut Remi Heimvik og YSST Terje Steine Mjøs ifrå Fagforbundet Vestland. Anne-Grete og Marie vart med dei rundt om på arbeidsstadbesøk, fyrst ut var Heradsshuset og medlemmane våre der.



Når ein tek eit Spontant besøk på Grandane og finn huset tomt for medlemmar, men er så heldig å treffe på Hege.



Kjekt besøk på barnehagen i Hyen, deretter gjekk turen til Heimetenesta i same bygd.

## Medlemsmøte med inviterte politikarar

Gunnvor Sunde var ordstyrar og opna møtet med å gje politikarane moglegheit til å presentera seg.



**Høgre:** Jan-Ove Rygg, ordførarkandidat for Høgre i Gloppen, eg er ein god høgremann med lokal aktiv og ansvarleg kommuneøkonomi som 1. prioritering. Eg arbeider for ein framtidsretta næringspolitikk, noko som vil gje framtidige skatteinntekter. Eg meiner at det må være kvalitet i det vi tilbyr elevane i skulen og meiner at vi må utgreie fordelar og bakdelar ved 5 dagar skuleveke.



**Kristeleg folkeparti:** Ragne-Marie Røed Kandal, listekandidat for KRF i Gloppen, Per-Ståle Husevåg, ordførarkandidat for KRF i Gloppen. KRF sitt motto er Tid til det viktigaste. Vi ynskjer å ta leiken attende i 1. klasse. Vi vil gjerne behalde fire dagar skuleveke. KRF er opptekne av born og eldre.



**Venstre:** Alf-Erik Røyrvik, ordførarkandidat for Venstre i Gloppen. Eg har vore tillitsvalt lenger enn eg har vore politiskar. Eg brenne for at Gloppen skal ha nok barnehageplassar til dei som trengje det, når dei trengje det. Eg er oppteken av at vi skal ha ein god kommuneøkonomi.



**Sosialistisk venstreparti:** Hege Lothe, ordførarkandidat for SV i Gloppen, har vore politiskar i seksten år no. Det er viktig med ein god kommuneøkonomi. Som politiskar er eg glad for å bli invitert til politisk møte allereie i juni månad.



**Arbeiderpartiet:** Bjørn Martin Grinde Kormeseth, listekandidat for AP i Gloppen, eg er engasjert i arbeidslivspolitikken. Eg er Fagforeningsleiar i avd.19 Fellesforbundet i Sogn og Fjordane. Eg er oppteken av næringspolitikk, samferdsel og oppvekst. Er oppteken av at ein ikkje gløymer privat næringsliv, ein skal og ta vare på denne sektoren.

## Utvalde spørsmål

Utarbeida av styret og tillitsvalte i Fagforbundet Gloppen

Arbeidsgjevar skal som hovudregel tilby heile faste stillingar.

Fagforbundet sentralt ga ut ein deltidssrapport i 2021. Den viste at 16% av Fagforbundet sine medlemmar med deltidstilling i Gloppen kommune ynskjer seg høgare eller full stilling. Bruken av korte vakter innan Helse og velferd, kan gjere dette vanskeleg då det fører til fleire oppmøtedagar for den einskilde.

Innanfor oppvekst ser ein same problemet, det er få miljøarbeidarar innan skule som har full stilling. Dei tilsette går ofte i korte vakter og stillingane let seg vanskeleg kombinere med anna arbeid.

### 1. Korleis stiller ditt parti seg i høve kortare vakter enn 7,5 for dagarbeidarar og 7,1 time for turnus arbeidarar ?

**AP:** Meiner det er viktig å halde på hovudregelen om heile fulle stillingar, jamfør lov og avtaleverket. Det er arbeidsgjevar sitt ansvar å fordele arbeidstida innanfor regelverket. Dette er i utgangspunktet administrasjonen si oppgåve.

**KRF:** Arbeidstakarane skal i hovudsak arbeide fulle vakter, arbeidsgjevar bør legge til rette for dette. Det må være dialog mellom arbeidsgjevar og tilsette.

**V:** Hovudregelen bør følgast, men det må være rom til å utvise fleksibilitet. Gjennom ei ansvarleg økonomisk drift og styring må vi sørge for at kommunen prioriterer kommunale kjerneoppgåver og lovpålagte oppgåver. Og at kommunen får det økonomiske handlingsrommet til å løyse dette på ein god måte i samarbeid med organisasjonane/dei tilsette.

**SV:** Denne og liknande saker bør takast opp i ADMU.

**SP:** Vi har som mål, om flest moglege heiltidsstillingar. Deltidsstillingar kan likevel vere eit godt alternativ for dei som ynskjer det. For å unngå ufrivillig deltid er det viktig med god samhandling mellom arbeidsgjevar og arbeidsorganisasjonane. Omsynet til dei som skal ha tenestene veg sjølvstygst, men med god dialog mellom partane der det kanskje er nødvendig å «tenkje nytt»\_for begge partar bør dette kunne betrast. Sp er innstilt på det.

**Kommentar ifrå salen:** Den siste tida har det kome fram at Gloppen kommune vil gå ut med eit stort underskot i 2023 grunna feil i budsjettet, dette vitnar om dårleg økonomistyring. I avisa kunne ein mellom anna lese om at kommunen må sjå på om ein skal endre rutinane for reinhald og kutte i vedlikehald av bygg. Kva meiner de om denne situasjonen?

**H:** Her må ein sette tæring etter næring. Det vert større kutt i budsjettprosessen til hausten. Vi i Høgre vil unngå at kommunen hamnar på Robek lista.

**V:** Venstre meiner at ein må prioritere kommunale kjerneoppgåver. Dette vil føre til at vi som politikara må seie nei til diverse søknadar om støtte til ulike gode tiltak.



**Kommentar ifrå salen:** Administrasjonen gjekk til innkjøp av offentlege toalett til 400 000,- kvar er politikarane opp i dette?

**KRF:** Dette vart teke opp til diskusjon i kommunestyret. Kommunestyret har tidlegare sagt at ein skal legge opp til offentlege toalett i alle bygder, dette står i Samfunnsplanen. Det er politikarane som skal styre kommunen og ikkje administrasjonen. Ein må bli betre på styring.

**SV:** Denne saka byrja med at Nordfjord hamn ville ha fasilitetar når ein skal ta imot gjestar. Vi i SV meiner at det er underleg at administrasjonen tok bestillinga utan å spørje politikarane fyrst.

**H:** Samfunnsplanen skal være styrande for kva ein skal gjere, vi må ha eit lengre tidsperspektiv på ting. Vi må fremje bu-lyst og slik sørge for betre skatteinntekter til kommunen.

**AP:** Kommunen må legge til rette for betre utvikling, Gloppen kommune treng fleire arbeidsstadar og fleire skatteytarar, ein treng større inntekter til kommunen.

Det er forventa at tilsette held seg fagleg oppdatert. Ikkje alle får sett av tid nok til dette, og når ein arbeider med menneske kan det få uheldige konsekvensar.

**2. Med tanke på deltidsproblematikken og betre tenester, vil ditt parti gå inn for at tilsette kan få sett av tid til eigenutvikling, kurs/studiar i arbeidstida ?**

**AP:** Dersom arbeidsgjevar set krav til dei tilsette om til fagleg utvikling og oppdatering, må ein få tid til å gjennomføre det i arbeidstida.

**V:** Vi kan gje overordna føringar til korleis kommunen skal opptre som arbeidsgjevar gjennom planer og strategiar. Venstre meiner det er viktig å oppmode dei tilsette til å halde seg fagleg oppdatert.

**SV:** Det er eit leiaransvar å sørge for at dei tilsette held seg fagleg oppdatert.

**H:** Høgre er opptekne av god fagkompetanse. Vi ynskjer ei målretta kompetanseutvikling gjennom vidareutdanning for lærarar, dette gjev betre kvalitet og utvikling. Vi er og opptekne av å styrke fagkompetansen i barnehagar.

**SP:** Dette er eit spørsmål som må løysast i avtale mellom partane. Det å kunne få høve til kurs og kompetanseheving er viktig for den det gjeld og eit pluss for kommunen. Det er i dag lagt til rette for dette og det er bra. Det er viktig for kommunen at vi har fagleg oppdaterte tilsette.

**Kommentar ifrå salen:** (Helsefagarbeidar) vi er pålagt å halde oss oppdatert, og må gjennomføre ein heil del nettbaserte kurs. Problemet er at vi slit med å få tatt dette innanfor arbeidstida.

**KRF:** (Ragne-Mari R. Kandal) Dette problemet kjenner eg igjen ifrå barnehagen. Det er viktig med samarbeid, kva treng den einskilde? Lettare å gjennomføre dersom ein får til ein god struktur på dagen.

Dersom vi skal klare å rekruttere 29 årsverk Helsefagarbeidarar og 18 årsverk sjukepleiarar innan 2030, (Tal henta ifrå Kompetanse og rekrutteringsplan for Helse og velferd i Gloppen kommune 2022-2030). må ein sjå på kva ein tilbyr og ta godt vare på dei vi allereie har i kommunen.

**3. Korleis vil ditt parti jobbe for at Gloppen kommune skal lyse ut 100% stillingar ?**

Stengte barnehagar og SFO kan utgjere eit problem for enkelte, mellom anna einslege forsørgerar. Det kan og vere vanskeleg for einskildde familiar og få ferie ilag. Opne barnehagar og SFO ville kunne avhjelpe kommunen si øvrige drift med tanke på bemanning.

#### 4. Kva tenker ditt parti kring sommaropne barnehagar/SFO ?

**KRF:** Her er det fleire omsyn å ta. Det er fint å leggje til rette for ei effektiv ferieavvikling for dei som har behov for det.

**V:** Saman med dei andre representantane i oppvekstutvalet har vi hatt fokus på å auke fleksibiliteten for foreldre gjennom kortare stengetid på SFO/barnehage gjennom sommaren. Vi skal strekke oss so langt som økonomien, og omsynet til dei tilsette, tillet det. Og so handlar det nok ein gong om å skape oss det naudsynte handlingsrommet i kommuneøkonomien.

**AP:** Ein bør sjå på kva moglegeheiter som finnast og tenkje alternativt.

**SP:** Opne barnehagar/SFO heile sommaren er eit budsjett spørsmål. I delar av fellesferien har etterspørselen vore for liten til at vi har kunne gjort dette. Ein må og merke seg at dei som jobbar på desse fagfelta skal ha sin ferie. Er etterspørselen stor nok vil vi strekke oss langt for å få det til, men behovet må ligge i botnen.

**Kommentar ifrå salen:** Dette har vore eit problem lenge, det er vanskeleg for einslege forsørgjarar utan familie eller andre nærstående som kan stille opp når barnehagen er feriestengt. Ein burde ha eit tilbod om sommaropen barnehage.

**KRF:** Det har vore eit samarbeid mellom kommunale og private barnehagar i Gloppen. Vi har prøvd oss fram med ulike modellar, dette har fungert for nokre men ikkje for alle. Born treng trygghet. Tre veker sommarstengt barnehage gjev og ressursar til å kunne drifte barnehagane resten av året.

**H:** Her vil vi spele ballen attende til fagorganisasjonane. Det er viktig å snakke i lag for å finne gode argument og løysingar.

Ei undersøking i 2021 viser at mellom 11-12% av unge under 30 år står utanfor arbeid, utdanning og arbeids retta tiltak, det tilsvara om lag 114 000 unge menneske.

Ifølge Ung data 2021 kom det fram at fleire hadde mindre tru på gjennomføring av vidaregåande skule, det kom fram ein auke i psykiske plager og auke i skulefråvær blant elevar i ungdomsskulen i Gloppen.

Det kom ikkje fram av undersøkinga om det var snakk om skulefråvær iform av skulk, eller om det var snakk om ufrivillig skulefråvær. Det finns etter det vi kjenner til ingen eksakt oversikt over omfanget av ufrivillig skulefråvær i Gloppen kommune.

#### 5. Kva vil ditt parti gjere for å få ein betre oversikt over kor mange dette måtte gjelde for i grunnskulen i Gloppen ?

**V:** I fyrste omgang må vi nytte og analysere det talgrunnlaget vi har. I tillegg må vi lytte til lærarar og andre tilsette som er dei som er tettast på og kan fange opp ting som ikkje undersøkingane gjer. På sikt bør vi spele inn til dei som lagar og gjennomfører UngData og liknande undersøkingar at vi må få betre tal på dette.

**SP:** Psykiske plagar er eit aukande problem blant unge. Vi har og tru på at eit tett samarbeid mellom dei ulike tenestene som skule og helse, er viktig for å fange opp born og unge tidleg. I dette tette samarbeidet vil ein også kunne avdekke om fråvær skuldast ein utilfredsstillande skulekvardag eller psykiske utfordringar. No har vi nett fått lagt fram ein ny førebyggjande plan for born og unge der ein går gjennom alle tiltaka vi har og vurderer nye tiltak. Resultata frå Ungdata 2021 var særst prega av korona. Vi lyt ha fleire normalår å kartlegge for å sikre at vi har rett data på utviklinga. Vi må i løpet av perioden vurdere om det er behov for ytterlegare undersøkingar knytt til sjukefråvær.

**SV:** Dette er eit aukande problem. SV meiner at det er viktig å gje dei vaksne verktøy til å kunne handtere vanskane. Dette gjeld både føresette og tilsette.

**AP:** Det må bli mindre måling av elevar. Ein må ta betre vare på dei elevane som er praktisk anlagt og dei elevane som slit med å passe inn. Bli flinkare til å byggje på ressursane eleven innehar. Elevane bør ha lite eller ingen lekser.

**Kommentar ifrå salen:** Det er mangel på ressursar i skulen, vi som lærarar strekke ikkje til.

**KRF:** I Gloppen har ein tilgang til mange hjelpetiltak. Vi ser likevel med uro på tala ifrå UngData, og vi kjem til å følgje det opp. Vi må likevel ikkje misse av syne, at mange av desse som fell utanfor etter kvart klara seg godt.

**H:** Høgre er ueinige i skulepolitikken til AP. Vi meiner at det er viktig at elevane har lekser. Når det gjeld dei elevane som slit, så skal desse bli fanga opp av BTI. Dei tilsette må ha tileigna seg nødvendig kunnskap kring dette.

**Kommentar ifrå salen:** Det er for lite kunnskap kring dette, mange unge vert kasteballar i systemet.

**KRF:** Det er viktig at desse borna/ungdomane vert fylgt opp. Medverknad er viktig, ein må få barnet/ungdomen med på laget.

**Kommentar ifrå salen:** Ein må satse på førebyggjande arbeid og setje inn tiltak når det trengs. Oppvekst må samarbeide tett med psykiatri og helse.

**Kommentar ifrå salen:** Det bør innførast leksefri skule, ikkje alle elevane får den hjelpa dei treng med leksene heime. Leksefri skule vil gje borna meir tid til leik. Karakterane bør og fjernast, det bør heller innførast tilbakemeldingar undervegs.

**V:** Elevar ifrå Nordstranda skule argumenterte godt for å innføre heildagsskule. Då vert leksene gjort på skulen, og resten av dagen vert fri.

**SV:** Vi ynskjer leksefri fritid. Leksene bør gjerast på skulen. SV tenkjer at vi er modne for ein slik skule.

## 6. Korleis vil ditt parti arbeide for å hjelpe desse borna/ungdomane attende i skule eller i alternative opplæringsarenaer ?

**SP:** I vårt program har vi lagt vekt på gode og trygge oppvekstvilkår. Gloppen kommune har eit godt støtteapparat som skal fange opp og hjelpe born/ungdom som treng ekstra oppfølging. Tidlegare nemnd førebyggjande plan for born og unge vil vere viktig i dette arbeidet. Planen er utarbeidd av ei breitt samansett gruppe slik at vi skal sikre heilskapen i planen. Gloppen Sp vil prioritere slike oppgåver og ikkje minst legge vekt på den førebyggjande innsatsen i tillegg då det er viktig å unngå at fleire hamnar utanfor skulen.

**V:** Dette er eit veldig vanskeleg spørsmål, kanskje den mest kompliserte utfordringa vi har i heile skulesektoren. Eg skal ikkje prøve å late som at eg, med min avgrensa kompetanse på feltet, har nokon enkel fasit på dette spørsmålet. Eg trur likevel at det i første rekke handlar om å skape ein skule som er ein trygg stad for alle og der alle elevane får oppleve meistring og utvikling. Uansett nivå.

I barnehage kjenner mange på at dei ikkje strekke til. På småbarns avdelinga, er ein fire vaksne på 12 born. Ved udekka plantid er ein tre vaksne på 12 born, men sidan fleire oppgåver krev ein vaksen person, er ein i praksis to vaksne på 11 born mykje av denne tida.

### 7. Korleis stiller ditt parti seg til å dekke opp for den 10% udekka plantid utgjør ?

**SP:** Gloppen kommune har litt over norm når det gjeld bemanning i barnehagar, I den komande kommunedelplanen for oppvekst vil dette vere eit av fleire viktige problemstillingar. Vi må sjå på dette opp i mot andre tiltak og prioriteringar i planen.

Arbeidsforholda i skulen er og utfordrande. Det er mange ulike omsyn å ta i ein klasse. Eit døme kan vere elevar som har behov for å kunne gå ut i timen. Læraren kan ikkje la denne eleven gå utan at ein vaksen er med. Er ein så heldig å ha ein miljøarbeidar i klassen, er denne ofte knytt opp i mot ein annan elev. Mangel på personale kan lett føre til dårlege arbeidsforhold og miljø både for tilsette og elevar.

### 8. Korleis tenker ditt parti, dette best kan løysast ?

**SP:** Det er vanskeleg å dekke opp alle situasjonar. Gloppen har prioritert å ha gode ressursar i grunnskulen. Det vil vi framleis prioritere. I klasser som har ekstra ressursar inn må ein sjå på korleis desse kan nyttast mest mogeleg effektivt slik at det vert ein ressurs for heile klassen.

I Gloppen kommune manglar vi folk både innanfor Helse og velferd, Oppvekst og Teknisk sektor.

### 9. Kva meiner ditt parti om å auke talet på lærling plassar i kommunen ?

**SP:** Kommune har ein del lærlingar og vi ser at lærlingar er viktige rekrutteringstiltak for å få flinke fagfolk. Senterpartiet har som mål at vi i alle fall legg oss på KS sitt mål om lærlingar per tusen innbyggjarar. Det er også viktig at desse lærlingane får god oppfølging og vert trygge i sin lærling periode og at dei og kan verte potensielle dyktige fagfolk i vår organisasjon.

**SV:** Vi treng ung arbeidskraft, SV vil arbeide for at både kommunen og private tek inn lærlingar så langt økonomien tillèt det.

**AP:** Vi vil arbeide for at det vert lagt til rette for fleire lærlingar både i offentleg og privat sektor. Ikkje alle kan få fast jobb der ein er lærling, men det er eit samfunnsansvar å tilby lærling plassar.

**KRF:** Vi ynskjer å auke talet på lærlingar i kommunen vi ser på det som eit samfunnsansvar.

**Kommentar ifrå salen:** I Førde gjekk det ut elevar ifrå fire fulle klassar med Helsefagarbeidar elevar denne våren, ingen av desse fekk lærling plass i Gloppen kommune.

**Kommentar ifrå salen:** «Det er eit stort behov for Helsefagarbeidarar og her i Gloppen. For å klare å rekruttere må vi være meir synlege» «Ein må gjere yrket meir attraktivt»

**SV:** Ein må snakke opp yrket, ein kan gjerne inngå eit samarbeid med ungdomsskulen og besøke elevane der. Kommunen kan være vertskap for ungdomane slik at dei vert kjende og trygge.

**V:** Vi må være med og bygge samfunnet. Kommunen må ta ansvar og sørge for rekruttering til eigne rekke. Vi som politikarar kan legge føringar inn i ein arbeidsgjevar strategi, då lærlingar er ein post i budsjettet.

**10. Kva tenker ditt parti om å tilby lærlingar 100% fast stilling etter fullført fagbrev i tilfelle der det er eit rekrutterings behov ?**

**SP:** Dette vert i stor grad gjort. At det skal vere automatikk i ei slik ordning, vil ikkje nødvendigvis tene partane.

**V:** (skriftleg svar på spørsmål 9,10,og 11) Det er politikarane sin jobb er å vedta overordna føringar og rammer, kommunen som arbeidsgjevar får fleksibilitet og olbogerom innanfor desse rammene. Det gjer vi gjennom ein tydeleg, gjennomarbeida og langsiktig arbeidsgjevarstrategi for Gloppen kommune. Gloppen kommune har og starta eit prosjekt som skal jobbe med rekruttering og kompetanse, eit prosjekt som vi støttar fullt ut.

Fleire kommunar har forsøkt ei ordning der helsefagarbeidarar med gode leiaregenskapar fungera som leiarar, medan sjukepleiarane er samla i eit Team. Dette gjev betre ressursutnytting.

Ein har lenge sett ein tendens i Norge til at kommunane set krav om høgskuleutdanning og i stillingar som kunne ha vore dekkja opp av Fagutdanna personale. Om ein tilset fagutdanna i stillingar der det ikkje er krav om høgskulegrad, kunne ein gjerne fått midlar til å auke opp med personale der behovet tilseier det.

**11. Korleis vil ditt parti sørge for at ikkje fagutdanningane vert irrelevante?**

**SP:** Senterpartiet prioritetar fagutdanning og vi tykkjer det er flott at fagutdanning synest å få meir status enn tidlegare. Å nytte dyktige fagutdanna i dei funksjonane der det måtte høve er ein styrke for kommunen og er noko vi vi ynskjer velkommen. Vi meiner det er viktig å kunne nytte ressursane og fagfolk best mogleg.

Tennene er ein del av kroppen, vi veit at dårleg munnhelse kan føre til alvorleg hjartesyjukdom og lungebetennelse. Vi veit og at mange av dei med lavast inntekt ikkje har råd til å gå til tannlegen.

**12. Korleis stiller de som lokalpolitikarar dykk til denne saka, og korleis vil de påverke partiet dykkar sentralt ?**

**SP:** Tannhelse har vore prioritert av Senterpartiet sentralt og det støttar vi sjølv sagt opp om. Utvida ordningar for dei med lågast inntekt, ungdom, dei med kroniske sjukdomar og til dømes i psykiatrien er noko som er viktig for betring for desse gruppene.

**V:** Venstre nasjonalt har som sin vedtekne programpolitikk at folk med sårbar økonomi må få støtte til ei forsvarleg tannbehandling.

Kommunane får stadig tildelt nye oppgåver utan at det føl med tilstrekkeleg med midlar.

**13. Korleis vil de som lokalpolitikarar påverke partia dykkar sentralt i denne saka ?**

**SP:** Dette har vore ei kampsak for Senterpartiet i mange år. Noverande regjering har såleis ei heilt anna haldning til å kompensere for nye oppgåver enn tidlegare. Senterpartiet har her heilt samsvarande syn både på grunnplan og sentralt i partiet.

**V:** Gloppen Venstre er opptekne av at kommunen må ha handlingsrom til å prioritere kjerneoppgåver og lovpålagde oppgåver. Vi må få bruke dei ressursane vi har til å i første rekke levere gode tenester til innbyggjarane. Dette skal vi gje tydeleg beskjed om oppover i partiet.

**SV:** Dette er noko SV har mykje fokus på, vi har forhandla med regjeringa om det opptil fleire gongar. SV krev auka overføringar tilsvarende krava kommunane vert pålagde.

**AP:** Auka politisk engasjement blant arbeidsfolk og fagorganiserte, vil kunne bidra til å auke overføringane ifrå staten.

**KRF:** Å engasjere seg politisk kan tilrådest. Ein får være med på konferansar og dannar politiske nettverk som er nyttige for vidare politisk arbeid. Vi kommune politikarar står saman for kommunen og alle arbeider oppover med tanke på å få ein betre kommune økonomi.

**Kommentar ifrå salen:** Det må bli gjort betre kjent for innbyggjarane i kommunen, at dei kan være med å påverke det politiske arbeidet.

Kommentar ifrå salen: De må ikkje berre tenke økonomi, de må og tenke over kva vi har å tilby våre eldre. Mange set einsame kring om. Det er ikkje meir folk på jobb enn det som trengs, dei tilsette gjer så godt dei kan men har sjeldan tid til å setje seg ned og være sosiale. I tillegg kan språkproblem utgjere eit problem for einsskilde.

**Avslutningsvis fekk dei framømte politikarane nemne tre ord, som kjenneteiknar partiet.**

**AP:** ARBEID, UTDANNING, SAMFUNN

**SV:** HEILTID, LEKSEFRI, JAMSTILT FELLESSKAP

**V:** FLEKSIBILITET OG KVALITET

**KRF:** TID TIL DET VIKTIGASTE (Ragne Mari)

**KRF:** KOMPETANSE, REKTUTTERING, MEDBESTEMMING (Per-Ståle)

**H:** EIN RIKARE KVARDAG

Så håpar vi i avdelingsstyret, at dette kan være til litt hjelp, når de no til hausten skal velgje kva parti som skal få di stemme.



**Godt val alle  
saman!**

## Fagforbundet Gloppen treng di hjelp!

Vi i avdeling 297. har laga nokre lokale Fagforbunds brosjyre. Vi har ei brosjyre for dei som vurderer å gå av med pensjon, ei for Fagforbundet Ung, og ei verve brosjyre med lokal informasjon. Til desse brosjyrane treng vi bilde av lokale medlemmer, vi håpar at de kan hjelpe oss med dette.

Vi ynskjer bilde teke av medlemmer på arbeidsstadane, evt. på skulen dersom det er elev/student medlemmer, og bilde av pensjonerte medlemmer i eller utanfor arbeid. Vi ynskjer bilde av medlemmar ifrå alle seksjonar og i frå alle kjønn og aldersgrupper. Det må gjerast kjent at bildet kan nyttast i ei brosjyre og vedkomande på bildet, må ha gitt sitt samtykke til dette. Alle som sender inn bilde innan fristen 01.10.23, vil få ei gåve som takk for bidraget. Medlemmer som vert nytta i brosjyrane vil få ei ekstra påskjønning.



### Viktig!!

Det er viktig at du som medlem oppdaterer dine opplysningar inne på «Min side» på fagforbundet.no du kan og gje oss beskjed dersom du har endra adresse, telefon nummer, arbeids stad, eller om du skal endre medlemskategori, døme arbeidsledig, ufør, pensjonist mm. Dette vert ikkje fanga opp om du som medlem ikkje gjev beskjed.

**Følg oss gjerne på Facebook: Fagforbundet Avd.297 Gloppen eller på heimesida vår**  
**<https://www.fagforbundet.no/fagforeninger/vestland/avd297/>**

### Til informasjon:

Nordfjordnett gjorde nokre endringar i data systemet i 2022, som førte til at avdelinga sin e-post adresse ikkje lengre var tilkople HTV. Dette vart ikkje oppdaga før nyleg og har difor medført at enkelte hen vendingar ikkje har nådd fram. Feilen skal no vere retta og vi beklagar ovanfor alle som har vorte skadelidande på grunn av dette.

**Kontoret vert feriestengt i veke  
29,30 og 31**

**Om det oppstår saker som ikkje kan vente,  
send ein mail og skriv kva saka gjeld.**

**Mailen sender du til :**

**[Tone.kristin.morken@gloppen.kommune.no](mailto:Tone.kristin.morken@gloppen.kommune.no)**



**Fagforbundet Gloppen  
ynskjer alle våre medlemmer  
ein strålande fin sommar!**

